

## ÅRSMELDING FOR DRIFTSÅRET 2015 - PÅSKA 2016

Medlemstalet ved årsskiftet var 64 (medlemmar som har betalt kontingent).

Økonomien i foreininga er tilfredsstillande. Vi hadde ved årsskiftet kr **79 003,59** på medlemskonto.

### **S**tyret:

Leiar – Kari Silden Sølvberg  
Nestleiar – Jan Silden  
Styremedlem/sekretær – Paul Sundnes  
Kasserer- Kjell Rune Gangsø  
1. vara: Sindre Langlo  
2. vara: Unni Henden

Styret har hatt eitt formelt styremøte i funksjonsåret (påske til påske). Grunna geografisk avstand mellom medlemmar, har telefon og e-post vore nytta i tillegg. Referat frå styremøtet kan lesast på [www.silda.com/](http://www.silda.com/) / velforening/

### **A**kтивитетар gjennomførde i 2015

1. Dugnad 13. juli. Stiar og vegar vart stelte og benkar/skilt vart montert.  
På styremøtet i juli vart det drøfta framtidig konstituering. Det bør skje umiddelbart etter årsmøtet på grunn av vanskane med å få til møter.
2. Nomil har satt opp et nytt søppelrom på kaia, og dei meiner at to konteinrarar er nok for 2 vekers søppeloppsamling for dei som har betalt renovasjonsavgift. Dei som har betalt renovasjonsavgift har fått tilsendt ein kode. Silda velforeining har sendt eit brev til Vågsøy kommune med spørsmål om tvungen renovasjon, men sidan kommunen ikkje har svart på dette brevet, har sekretær sendt eit purrebrev.
3. Øyglimit har kjøpt inn to hjertestartarar til Silda. Den eine er plassert ved inngangen til garderobedelen ved grennahuset.
4. Styret har kjøpt skilt til kulturstien for 11 075,- Desse vert montert ved nærmeste høve.
5. Det var kjøpt blomster til kassene for 2 368,- i 2015
6. Skaterampen er på veg til å bli plassert i nærleiken til moloen. Rampen vert montert ved tid og høve når grunnen er planert.
7. Styret har diskutert at det bør opplyst klarare til medlemmane av Silda vel at vi har fått tilskot frå grasrotandelen. I år var dette tilskotet på kr. 5 119,43.
8. Familieaktivitetar:
  - a. Grillfest på skuleplassen 18. juli. Det vart gjennomført leikar for barna og hesteskokasting for barn og vaksne, med premierung. Vi fekk inn 2 305,- på dette arrangementet

For styret

Kari Silden Sølvberg - leder